



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samsfunnsutvikling - avdeling næring

Natalie Martins Sæberg  
Guddalsvegen 117

5472 Seimsfoss

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karen Løvfall Våge	958 24 275	2021/24-27		24.11.2021

## Velkomen som eigar av landbrukseigedom - gnr/bnr 96/1 og 93/6 og 93/12 - Natalie Martin Sæberg - Dimmelsvik

Landbrukskontoret i Kvinnherad har registrert at du har overteke del av gardsbruk i kommunen.

Utifrå opplysningar i NIBIO Gardskart har gnr./bnr. 96/1 og 93/6 og 12 til saman følgjande areal: 76 daa fulldyrka jord, 0 daa overflatedyrka jord, 75 daa innmarksbeite og 81 daa produktiv skog, inkludert anna areal, totalt 245 daa på eigedomen. Du kan sjå meir her <https://gardskart.nibio.no>

Det er buplikt på bruka og du må bu på eit av bruka. Etter det vi kjenner til bur du allereie der.

Landbrukskontoret har som oppgåve å førebu saker etter jordlov, skoglov, odelslov og konsesjonslov. Ei rekkje planleggings- og tilsynsoppgåver knytt til landbruket vert utført her, og vi forvaltar ulike statlege tilskotsordningar. Det vert for omfattande å koma med eit fullstendig oversyn over kva vi kan hjelpa dykk med i eit skriv.

Som ny eigar har du kanskje fleire spørsmål. Du er difor velkomen til å ta kontakt for ein prat dersom du ønskjer det, og for eit besøk på landbrukskontoret.

Vi anbefaler å følgje med på «Landbruket i Kvinnherad» på Facebook. Her kan du sjå kva aktivitetar som rører seg i landbruket. Meld deg gjerne inn i den lukka gruppa «Bønder i Kvinnherad» for å få kontakt med folk med direkte tilknytning til landbruksdrift i Kvinnherad.

Vi vil ynskja lukke til vidare som eigar av landbrukseigedom.

Meir informasjon om landbruket finn du på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no). Nyttig informasjon for nye bønder finn du også på [www.bondeboka.no](http://www.bondeboka.no)

Med helsing

Karen Løvfall Våge  
*Landbrukskonsulent*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*